



Fire som kjempa mot palmejungelen tysdag: Kjell Yri, Mona Enes, Reidar Myklebust og Kåre Haugse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag ettermiddag vart kampen mot palmejungelen – eller rettere mot kjempebjønnekjeksken – i Uskedalen intensivert. Den starta så smått førre tysdagen då ei rekkje eksemplar av den uønska planta på badestranda og tilgrensande område vart behandla. Tirsdag kom turen til den jungel-liknande forekomsten ved grusbana. Samstundes høyrde vi at to har fått forbrenning av plantesafta.

- Eit pionerprosjekt kalla han det, fagansvarleg og tidlegare skogmeister Kåre Haugse. Metoden som blir nytta i kampen har han fått råd om frå andre i Kvinnherad og han er som andre spent på resultatet.

Det som skjer er at stengelen blir kutta av heilt nede ved rota med ei hagesaks eller ein kniv. Så sprøyter ein ei varsam dose med roundup frå ei flaske på den attståande stengelen. På den måten skadar ein ikkje annan vegetasjon i området.

Metoden skal vere freista med hell fleire stader i Hardangerområdet, til dømes på ein rasteplass i Granvin.

- Eg er ikkje i tvil om verknaden på dei store plantene, men nede i jorda ligger mange frø som sikkert vil spira og komma opp. Dette blir nok ein behandling som må gjentakast og gjentakast, sa initiativtakar Kjell Yri.

Han, Mona Enes, Kåre Haugse og Reidar Myklebust – iført armlange jakker og plasthanskar - arbeidde så sveitten sila i palmejungelen tysdag. Kjell var litt skuffa over at det ikkje kom fleire for å vera med på dette typiske dugnadsprosjektet som alle uskedelingar bør vera interesserte i. Til gjengjeld jobba dei fire effektivt og særleg synta det seg at samekniven til Myklebust var makelaus. Det var omtrent som å slå seg fram med machete i ein verkeleg jungel...

- Og når kjem neste dugnad, Kjell Yri?

- Nå får vi roa oss litt og sjå på verknaden av det som allereie er gjort. Så kan vi vurdere nye operasjonar, seier leiaren for denne nye og spesielle formen for jungelkrig.

Eit spørsmål som kjem att er kva som skjer med dei avkutta plantene. Dei får tørka litt og så blir dei brent.

Av Ola Matti Mathisen



Arbeidsdeling: Kjell kuttar av planta og Kåre gjer rota ein dose med roundup. Det tek si tid, men er truleg effektivt. (Foto: Ola Matti Mathisen)